



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

## Fråsegn til detaljplan for Illvatn pumpekraftverk i Luster kommune

**Viktig naturmiljø og friluftsinnteresser er vurdert, og blir etter vår vurdering i stor grad teke omsyn til, i detaljplanen for Illvatn kraftverk. Vi har ikkje nye avgjerande innspel i saka, men vi vil peike på behovet for at naturkartlegging blir gjennomført så tidleg som mogleg i slike saker.**

Vi viser til høyringa av detaljplanen for Illvatn pumpekraftverk.

### Om detaljplanen

Det er omtalt nokre endringar i høve til vilkår/føringar i konsesjonen med tilhøyrande planendring. Inntaket i Illvatn blir flytta noko lenger nord, og det inneber òg noko endra vassveg. Påhogg til kraftstasjon er flytta noko lenger sør, i eit område der det tidlegare har vore steinuttak. Det skal etablerast permanent veg bort til avløp i Fivlemyrane. Ny vegforlenging frå dagens veg blir kortare enn spesifisert i konsesjonen. I detaljplanen er fordelinga av massar i dei to deponia endra litt; det skal deponerast ca. 345 000 m<sup>3</sup> ved Fivlemyrane og ca. 140 000 m<sup>3</sup> i Nørdstedalen. Deponiet i Nørdstedalen blir noko lågare i terrenget og er inndelt i to delar, på grunn av HMS-omsyn ved deponering i vinterhalvåret.

Planlagde anleggsområde blei kartlagt 8.-12. juli 2024, etter Miljødirektoratets instruks for verdifulle naturtypar og etter NiN, nærare bestemt Fivlemyrane, Middalsnosi og Nørdstedalen. Mesteparten av kartleggingsområda er verdifulle naturtypar, i form av fattige fjellheier, rabbar og forskjellige typar snøleie (våtsnøleie, snøleieberg og snøleieblokkmark). Det blei i tillegg gjort mange funn av eit stort tal raudlista artar.

### Vår vurdering

Utbygginga er gjeld eit høg fjellsområde med viktige naturtypar, villrein og store friluftsinnteresser. Turruta frå Nørdstedaleseter til Sota sæter og som er ein av dei viktigaste i nasjonalparken, går via Fivlemyrane og Illvatnet.

I innspelet vårt til planendringssøknaden for pumpekraftverket bad vi om at det burde vurderast nye feltgranskingar i tråd med oppdaterte rettleiarar. Dette er blitt utført, og undersøkingane stadfestar at dei undersøkte områda er sårbar høg fjellsnatur av stor verdi. Vi registrerer at det er funne eit høgt tal raudlista artar i dei undersøkte områda ved Fivlemyrane, Middalsnosi og Nørdstedalen,



noko som understrekar behovet for at slikt kartleggingsarbeid gjennomførast *før* ein bestemmer seg for kvar deponiområde og andre inngrep skal lokalisrast. Ved å kartleggje større areal tidlegare i prosessen ville ein fått vite meir om kvar dei mest truga artane fanst, og kvar inngrepa ville gjere minst skade. Då kunne ein finlokalisert inngrepa med utgangspunkt i dette. Ut frå det framlagde kartmaterialet ser det rett nok ut til at ein har vore heldig og unngått dei viktigaste artsførekomstane. På generelt grunnlag meiner vi likevel at arbeidet som er gjort med lokalisering av deponiområde og andre inngrep ikkje er i tråd med kravet om eit forsvarleg kunnskapsgrunnlag etter § 8 i naturmangfaldlova.

Viktige natur-, landskaps- og friluftsinnteresser er omtalt i detaljplanen, og det er planlagt avbøtande tiltak og tilstelling av området i tråd med moderne praksis, basert på lokale massar og den lokale frøbanken. Det er òg lagt opp til god dialog med villreinnemnda og fjellstyret, for å avgrense uheldige effektar på villreinen.

Vi konstaterer at det vil bli sendt søknad til Statsforvaltaren om utsleppsløyve for anleggsfasen.

Med helsing

Tore Larsen  
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Luster kommune

Vestland fylkeskommune

Postboks 77

Postboks 7900

6866

5020

GAUPNE

BERGEN